

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2018

Ordinært årsmøte i NYK 21. februar 2018 valde nytt styre med Ronny Rognhaugen (Vågsbygd) som leiar, Rimmert van der Kooij (Trondhjems), Øyvind Pedersen (Trondhjems) og Thor Erik Karlsen (Horten) som styremedlem, Chris Skogen (Askøy) og Marcus Saltrød Jonas (SKSK) som varamedlem. Silje Fløysand vart vald til revisor og Lene Seim/Kenneth Buvik til valkomité.

Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte 12. mars og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmlar Ronny Rognhaugen

Nestleiar og kommunikasjonsansvarleg Rimmert van der Kooij

Sekretær Øyvind Pedersen

Jubileumsansvarleg Thor Erik Karlsen (NM/EM 2018)

Varamedlem Chris Skogen har stort møtt som styremedlem i fråveret til Thor Erik. Marcus melde tidleg frå at han ikkje kunne bidra i styret og har ikkje delteke på eit einaste møte.

Styret har gjennomført åtte styremøte 12. mars, 9. april, 7. mai, 11. juni, 20. august, 3. september, 26. november i 2018 og 21. januar 2019. Møtet 3. september var ekstraordinært i samband med NM/EM.

Økonomi 2018: Rekneskapan er avstemd med Nordea og me fekk eit overskot på kr. 5.529. Budsjettet var på 500 og det positive avviket kjem av mindre reisestøtte. Einaste utbetaling i år var til måling av tre båtar i Horten. Det er tilsvarande som NYK har gjort på Askøy, i Trondheim og i Bærum. På konto 31.12 hadde me 70.904 mot 65.378 førre år. NYK hadde 32 med fullt medlemskap (+1) og 28 støttemedlem i 2018 (+2).

Styret har utifrå mandatet frå førre årsmøte prioritert desse oppgåvene:

1. Planlegging av 50-års jubileum i 2018
2. Gjere båtregisteret tilgjengeleg på yngling.no
3. Oppgradere yngling.no

NM/EM i Horten vart gjennomført 7-9. september 2018. Stor takk til Thor Erik og Horten Seilforening for flott gjennomføring av arrangementet. Det var god stemning på både land og vatn og det vart eit minneverdig 50-års jubileum. Styret har kontakta familie Linge for å finna ut om NOR 1 burde inngå i markeringa, men kome fram til at det ikkje var mogeleg i år. NYK støtta arrangøren med 200 kr. pr. båt for å halda startkontingenten ned for dei norske deltakarane i jubileumsåret. Målet var minst 20 norske Ynglingar, men det var berre 17 som stilte. Færder-flåten er i vekst og det bør vere mogeleg med fleire båtar i 2019.

yngling.no er oppgradert og båtregisteret er lagt ut. NYK er registrert hjå Norsk Klasseklubb Forum som samordnar våre interesser mot NSF. Rimmert deltok på møtet 21. januar 2019. NSF jobbar med ei felles medlems- og betalingsordning som kan vere til stor nytte for NYK. Me har sagt oss viljuge til å testa ut systemet. Segtinget er 16-17. mars 2019 på Gardermoen.

Vipps har vore diskutert nokre år og 8. februar 2018 vart vår avtale endeleg godkjend. Det gjer at det vert enklare å betala kontingent for medlemma. Styret vona dette saman lågare

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2018

kontingent (300/100 mot tidlegare 450/150) ville gje oss fleire betalende medlem. Så langt har det ikkje gitt oss nokon tydeleg effekt med berre tre fleire enn i 2017.

Frist for NM 2020 er 1. juni 2019. Trondhjems Seilforening må stadfeste sitt ynskje om arrangementet til NYK før 1. mai. Alternativt vert NM 2020 på Askøy.

Terminliste 2019:

Rustløseren, Trondhjem 4-5. mai

Askøy Raceweekend 4-5. mai

EM Altmünster, Austerrike 26-30. mai

VM Sheboygan, USA 26. juli-2. august

Klassisk havneregatta i Tønsberg 10. august

Bustein Rundt, Færder 17. august

Christianssands Raceweekend 24-25. august

NM/NoM i Horten 13-15. september

Hein Ruyten Trofee, Nederland ??? oktober

For styret

Ronny Rognhaugen, 22. januar 2019.

Vedlegg 1: Årsrekneskap og budsjett 2017-2018

Vedlegg 2: Saksliste til årsmøtet 11. februar 2019

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2018



Norsk Ynglingklubb

	Rekneskap 2018		2018	2019	
	31.12.2017	31.12.2018	Budsjett	Budsjett	
Inntekter					
Fullt medlemskap (32) +1	13 650	9 600	12 000	12 000	40*300
Stottemedlem (28) +2	2 300	2 800	5 000	5 000	50*100
Båtregister	500	1 800	2 000	2 000	
Diverse	1 300	0 Buff	1 000	1 000	
Renteinntekt	37	35	0	0	
Sum inntekter	17 787	14 235	20 000	20 000	
Kostnader					
Profilering og rekruttering	0	3 400 Horten 17*200	5 000	5 000	NMEM
IYA avgift	6 599	3 839 20 stk. à 20 €	4 000	4 000	20*200
Porto	85	28	200	200	
Rekvisita	0	79	0	100	
Reisestøtte	16 331	1 222 Note 1	10 000	10 000	
Premiering NC	600	0	0	0	
Diverse	190	0	0	0	
Bankgebyr	262	141 Vipps 108	300	100	
Sum kostnader	24 067	8 709	19 500	19 400	
Resultat	-6 280	5 526	500	600	
Balanse					
Kasse	0	0			
Bank	65 378	70 904			
Sum egenkapital	65 378	70 904			
Avgiftsmerke segl	11 stk.	11 stk. à 35 €			
T-skjorter	23 stk.	23 stk. à 0 kr.			
Y-pins	58 stk.	58 stk. à 50 kr.			
Y-buff	4 stk.	4 stk. à 100 kr.			

1) Reise t/r Kristiansand-Horten 500 km à 2, bompengar 222 for Ronny Rognhaugen 11. august 2018

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2018

Saksliste årsmøte NYK 11. februar 2019 kl. 19

- Godkjenne frammøte og møteinnkalling
- Val av ordstyrar, referent og to til underskriving av protokoll
- Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
- Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
- Godkjenne budsjett for kommende år.
- Fastsette medlemskontingent for kommende år.
- Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
- Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
- Velge revisor og ny valgkomite

Ingen framlegg til årsmøtet frå styret.

Ingen framlegg til årsmøtet frå medlemmane.